

Bokn Bygdablad

Nr. 10 desember 2011 – Årg. 26



Luciafest – s. 7



Bokn Maritime Senter – s. 4



Nytt bustadfelt – s. 4



Kulturprisen 2011 – s. 10



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



Trygt med hjemmebesøk

Tekst: Anette Våga - foto: Jardar Havikbotn

Fra februar 2011 har mange av kommunens innbyggere over 75 år fått tilbud om forebyggende hjemmebesøk av helseteamsykepleier Anette Våga. I oktober ble også Anne Lise Nilssen ansatt for å få ferdigstilt prosjektet, som antas å avsluttes våren 2012. Hensikten er å utrede hvordan kommunen kan hjelpe og støtte eldre til å bli boende hjemme så lenge som mulig. Tilbuddet er gratis.

Prosjektet "Helseteam for eldre" er et samhandlingsprosjekt mellom Helse Fonna, Høgskolen Stord/Haugesund og kommunene Bokn og Haugesund, og en del av vår regions forberedelse på samhandlingsreformen som trer i kraft 1. januar 2012. Samhandlingsreformen går ut på at pasientene skal få bedre behandling der de bor. Det skal lønne seg å forebygge sykdom i forkant i stedet for å reparere i etterkant. Regjeringen vil satse mer på å unngå at folk blir syke og vil sørge for at det lønner seg for kommuner og sykehus å samarbeide. Tanken er at bedre kontakt mellom sykehus og kommunene skal komme pasientene til gode.

Helse, trivsel og mosjon

Vi er opptatt av å snakke om det som er helsefremmende under besøket. Foruten om helse, trivsel og mosjon er falltendens, hukommelsessvikt, mediamentbruk og ernaering områder de gjerne vil vite mer om. De eldre får selvfølgelig også mulighet til å ta opp ting som opptar dem i det daglige. Sykepleirerne har dessuten med seg informasjon om hjelpemidler, tilrettelegging av bolig og dagsenter og ulike aktiviteter for eldre.

Hjemme hos Bjørg

Bjørg Alvestad ser positive sider ved prosjektet og takket derfor ja til et forebyggende hjemmebesøk. Anne Lise innleder samtalen med å snakke om løst og fast før hun stiller spørsmål som – Har du lett for å falle? Blir du ofte svimmel? Er det mange snublefaller i huset ditt, feller som kan fjernes evt? Har du noe imot at jeg tar en balansestest og måler blodtrykket ditt? Hvor ofte mosjonerer du? Har du noen hobbier? Deltar du i klubb og/eller foreningsaktiviteter?

Foran seg har hun et skjema med



Fv. Anne Lise Nilssen, Bjørg Alvestad og Anette Våga.

mange flere punkter som hun skal snakke med Bjørg om, og Anne Lise har satt av et par timer. Selv om Bjørg vet at hun er en del av et prosjekt skal hun ikke få følelsen av nettopp det. Det er viktig å få frem "den gode samtalaten".

Det viser seg at Bjørg med sitt smittende gode humør og positive blikk på livet har skjønt hvor viktig det er å være i aktivitet. Hun går ofte tur og er med på både glatrimmen og i pensjonistforeningen.

Dokumentasjon og forskning

Hjemmebesøket er frivillig og det som blir diskutert er taushetsbelagt. En viktig del av prosjektet er god samhandling med fastlegene og det kommunale hjelpeapparatet. Opplysningsene blir dokumentert i kommunens journalsystem og fastlegen får en oppsummering av besøket, med mindre dette ikke er ønskelig. Opplysninger vil også bli brukt til studier og forskningsarbeid for å kunne utvikle en samhandlingsmodell som kan brukes i driften etter at prosjektet er over.

Ønsker bedre livskvalitet for de eldre

Selv om mange 75-åringer og eldre føler seg friske og er uavhengige av hjelp, kan de få opplysninger som kan komme til nytte i fremtiden. Det er

viktig å fange opp eldre som har økt risiko for å utvikle sykdom eller funksjonssvikt. Gjennom hjemmebesøket ønsker prosjektdeltakerne å sikre de eldre rett til behandling, til rett tid og på rett sted. Det er ikke tanken at helseteamet skal ta over arbeidsoppgave ne til fastlegen, men være et supplement og en hjelp både for fastlegen og for pasienten.

Helseteamet følger opp pasienten

Dersom sykepleierne kommer over forhold som det er nødvendig å se litt nærmere på vil hun med samtykke fra pasienten, diskutere det i helseteamet og skrive en rapport til fastlegen. Helseteamet er tverrfaglig og består av de fire helseteamsykepleierne fra Haugesund og Bokn, sykepleier fra geriatrisk poliklinikk ved Haugesund sykehus, geriater, farmasøy, fysioterapeut og allmennlege i delditsstilling.

Dag Helge Rønnevik, som er prosjektleider og fastlege i Bokn, tror prosjektet vil vise at det kan være samfunnsøkonomisk forsvarlig å gjøre systematisk oppfølging av eldre til et fast tilbud i kommunene.

Ta gjerne kontakt med en av helseteamsykepleierne dersom det er noe du lurer på i forbindelse med forebyggende hjemmebesøk på telefon: 970 77 399

Neste blad i fargar!

Frå første utgåve av Bokn Bygdablad i 2012 treng du ikkje lenger irritera deg over bilder av därleg kvalitet. Spesielt bilder med mykje raudt i blir for mørke når dei blir gjort om til

svart-kvitt. Då vil heile bladet vera i fargar, ikkje berre omslaget. Fargebilde gir eit reinare og ryddigare inntrykk, og kan vera mindre enn svart/kvitt-bilde utan at det går ut over motivet.

Dette betyr ikkje at Bokn Bygdablad vil bli

eit glorete blad med visuell overflod. I utgangspunktet er det berre bildene som blir i fargar, men omlegginga opnar for spennande loysingar.

- redaktøren -





RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Budsjett 2012

Budsjettet for 2012 blei vedteke av kommunestyret den 13. desember og var eit fellesforslag frå Arbeidarpartiet og Høgre. Budsjetta som har blitt vedtatt dei siste åra har vore strame, og dette skulda i hovudsak til ein framleis har ei forholdsvis høg lånegjeld i Bokn, samstundes som ein står føre fleire store investeringar dei komande åra. Likevel har politikarane funne rom til fleire gode løyingar både innan investeringar og drift. På investeringssida er det mellom anna lagt inn midlar til utbetring av kjellaretasjen ved Kyrkjebrygd kulturhus, til glede for brukarane av Petra fritidsklubb. Vidare har ein prioritert å skifte ut gjerdet rundt Foresvik stasjon og montering av overrislingsanlegg i dei nordre omsorgsbustadene på Boknatun.

I driftsbudsjettet er det lagt opp til ei rekke mindre tiltak, mellom anna montering av teleslynge i auditoriet på skulen, servicetorget og allrommet. Vidare er det satt av midlar til utskifting av stolane i auditoriet ved Bokn skule og innkjøp av diverse utstyr til seksjon teknisk, mellom anna blåsemaskin, kompressor og reserve kloakkpumpe.

Kommunestyret har også prioritert ei framleis auke i opningstida ved biblioteket og har løyvd midlar som opprett-held aktiviteten ved musikkskulen. Ein har i tillegg prioritert ei 15 % auke i drifta ved fysioterapiavdelinga på Boknatun.

Kommunestyret vedtok også å auke ei av stillingane i servicetorget, i tillegg blei engasjementstillinga som koordinator for folkehelse og Kjekt på Bokn omgjort til fast stilling.

Når det gjeld avgifts- og betalingsregulativ for neste år, held me oss på eit moderat nivå. I hovudsak blir satsane auka med mellom 1-5 %. Abonnement på Bokn Bygdablad og annonsar aukar ein med ti prosent. Det blei samstundes bestemt at auken i abonnementet for Bokn Bygdablad skal nyttast til å gje ut bladet i fargar.

Energi- og klimaplan

Kommunestyret vedtok i møtet 13. desember energi- og klimaplan for

Bokn kommune. Arbeidet med utarbeiding av planen blei starta opp i 2009 saman med kommunane Sveio og Etne. Kommunane sökte om, og fekk støtte av ENOVA, til å utarbeida planen.

Gjennom ein slik temaplan ynskjer kommunen å etablere eit felles energi- og miljømål for å sikra ei berekraftig utvikling, samstundes som ein lokalt får ein reiskap til å sikra heilskapsom-syn i alle saker knytt til energi- og mil-

Eg set stor pris på denne over tjue år gamle tradisjonen der formålet fyrst og fremst er å pleia godt naboskap. Forma på desse møta er hyggeleg og uformell. Politikarkollegaer i dei to kommunane kjem saman utan noko spesielt ærend eller sakskart. Det viktige er rett og slett å bli betre kjende med kvarandre mellom anna ved å drøsa om laust og fast.

Eit slikt samvær er med på å skapa



Foto: Jardar Havikbotn

Tradisjonsrikt julemøte mellom formannskapa i Bokn og Tysvær.

jø i kommunen.

Planen skal i første rekke gjelde for kommunens eiga verksemد, men ved implementering av mål og strategiar i kommunepalanen vil ein også kunne påverke andre aktørar, som private husstandar, næringsliv og industri.

I løpet av 2012 vil det bli laga ei utgreiing som viser kostnadane for gjennomføring av dei ulike tiltaka basert på ei kost/nytte-vurdering. Planen vil deretter bli tatt opp til ny handsaming i kommunestyret slik at kostnadane kan implementerast i planen.

Tradisjonsrikt julemøte

Sidan midten av 90-talet har ordførarane i Bokn og Tysvær hatt ein tradisjon der ein byter på å invitera formannskapa i kommunane til ein felles middag oppunder jul. Den 14. desember var Bokn kommune vertskap for ein hyggeleg førjulsmiddag mellom to gode naboar, og seansen blei gjennomført på allrommet på Boknatun. Velvillig kjøkkenpersonal på sjukestova hadde laga til eit særskilt koseleg kvelds-sette i kommunens storstove, og hadde laga ein pinnakjøtmiddag på høgd med dei beste restaurantane.

tillit på tvers av kommunegrensene. På mange område er nok våre to kommunar konkurrentar, men likevel er det slik at i dei fleste samanhengar står me saman med Tysvær i spørsmål som handlar om å posisjonera regionen, på tilrettelegging og planlegging med spesielt fokus på å skapa vekst og aktivitet til glede for fellesskapet i ein heil region.

Tysvær er på mange område den viktigaste samarbeidskommunen vår, og dei to administrasjonane har gjennom åra signert ei rekke viktige samarbeidsavtalar. Politikarane i dei to kommunane jobbar utifrå tanken om at det som er bra for Tysvær, er bra for Bokn, og omvendt. Dette kjem tydeleg til uttrykk på dei etterkvart mangfaldige interkommunale møteplassane me treffest. Samarbeidet er viktig og ofte avgjeraende for kommunen vår. Difor tek eg sikte på å pleia den gode naboskapen også i dei kommande åra.

Eg vil til slutt nytta høvet til å ynskja alle leserane av Bokn Bygdablad ei fredeleg julehelg og eit godt og fargerikt nytt år.

Ordføraren

Bokn Maritime Senter

Jardar Havikbotn

Den 2.400 m² store hallen i Knarholmen begynner å ta form. Målet er at den isolerte stålhallen, som sannsynlegvis blir blågrøn å sjå på, skal vera tett før jul, og utpå nyåret vil dei bygga opp verkstadbiten.

saman tilbyr kunder service, reparasjoner, vedlikehald på båtar inntil 70 tonn, utleie av båtplassar og lagringsplass. Aktørane i BMS er Nordvegen Marine, BVC Bokn, Best marin, Bokn Båthavn og Bokn Båthotell. Du kan lesa om dei ulike aktørane på nettsida

300 båtar.

Staveland nemner også fleire interessaerte aktørar, og ein ny hall på 2000-4000 m² med båtgarasjar er aktuelt. Han synest også det er flott at dei har blitt så godt mottatt av både Bokn kommune og boknarar elles, og dei



PR. 12.12: Hallen er 2.400 m² og ruvar godt i landskapet.

Dette fortel dagleg leiar i Bokn Maritime Senter (BMS), Jostein Staveland, til Bokn Bygdablad. Den store hallen skal nemleg innehalda fleire hallar. Forutan verkstadhallen blir det også ein hall til innelagring av båtar (1.200 m²), og ein eigen lakkhall (400-500 m²), som kan lakkera båtar inntil 24 m. Den ruvande hallen vil også husa kontor og butikk, med sal av båtar og motorar.

70 tonn

Verksemda kom så smått i gong tidlegare i haust. 12. desember tok den store kranen, med kapasitet på 70 tonn, opp dei første båtane, og fleire står i kø. Staveland seier at dei har blitt forseinka av mykje vér og kansellerte ferjer, men satsar på at hallen er tett før jul.

BMS (www.boknmaritimenesenter.no) er ein paraply over fleire aktørar som til



Hallen er godt synleg for naboane i Havnavegen.

deira.

føler seg velkomne her.

Planar

Dei har store planar framover, m.a. eit flyteanlegg med 50 båtplassar, som ligg og ventar på å bli sett på sjøen. I første omgang blir dette inne i hamna. Det blir også planlagt marina mot Boknasundet. Her vil moloen få bølgjebytarar, og det skal bli båtplassar til 200-

- Eg reknar med at det vil vera 10 arbeidsplassar der til neste år. To av dei som skal jobba der er boknarar, avsluttar Jostein Staveland.

Det vil skje mykje på Knarholmen i 2012, og Bokn Bygdablad vil følga utviklinga.

Bustadfelt i Havnavegen-nord

Jardar Havikbotn

Bokn kommune og Fylkesmannen har etter mekling kome fram til ei løsing for området som har vore under regulering ved Alvestadkroken. Bokn kommunestyre har behandla og vedtatt planen.

Ole Brede Melhus i Sandve Trelast, som har stått for reguleringsarbeidet, har kjøpt området av Kjell Terje Bryningsland.

Han fortel til Bokn Bygdablad at dei er inne i ein vidare prosjekteringsfase, der dei

m.a. held på med ein teknisk plan for området.

I prosjekteringsfasen vil det bli sett på kva type bygningar som er eigna for området på dei 12 daa, avsett til bustader.

Ole Brede er opptatt av at det blir lagt til rette for hus som gir dei fleste familiarar høve til ein god bukvalitet til fornuftige priser.

- Eg håpar vi kan få til hus på rundt 130-150 m², som vil ligga på rundt 3 mill. kr., seier han.

Området har også ei strandsona som innbyr til friluftsretta ferdsel.

Arealat er sett av til naust, og dei som kjøper hustomt får også førsterett på naust.

Dradd ut

Tilrettelegginga for bruk av strandsona til naustbebyggelse har gjort at arbeidet med reguleringsplanen har dradd ut i tid, og tatt omlag fem år.

- Det har vore ein tøff kamp for å få

tilrettelagt for naustbebyggelse i området, men dette er kvalitetar som er viktige å kunne skilta med for ein kommune som Bokn. Her skal dei som vil etablera seg i kommunen få tilgang til sjølivet.

Det er kvalitetar langt frå alle

kommuner kan visa til. Vidare vil det bli sett av eit areal til fri bruk for allmennheten, som også vil heva bukvaliteten både for ny og eksisterande busetnad.

- Nå håpar me å vera klare med prospekt for sal i løpet av 1. halvår 2012, avsluttar Melhus.

Reguleringsplanen:



Hestekos og folkehelse på tunet

Jardar Havikbotn

Gulrotstafett og grøt

Krovågen hestesenter har hatt ein aktiv haust med rundt 40 ridelevar pr. veke, barn og voksne. I desember var det ridekursavslutning med gulrotstafett og andre uhøgtidelege konkurransar i ridehallen, graut på låvekaféen og hestekos i stallane.

I tillegg til boknarar, har rideskulen deltakrar frå både Haugesund, Karmøy og Tysvær.

- Nokon har lang reiseveg for éin enkelt ridetime, det tar me som eit kompliment, seier leiar for rideskulen, Kari Christensen.

Tilrettelagt for funksjonshemma

Garden har tilpassa anlegget til ridetrening for funksjonshemma, med handicaprampe for påstigning og hest som er opplært til dette formålet. Det tilrettelagte ridetilbodet blir nytta av fleire kommunar, og hestesenteret held kurs for helsepersonell som følger brukarane.

Godt for kjernemuskulaturen

Med haustens rekordnedbør har det vore

godt å vera under tak i den nye ridehallen.

- Heldigvis er også klatreveggen innandørs, der er det ledig kapasitet, seier ektefellen Olav G. Larsen.

- Klatring er ein sport for alle aldre, gir god trenin av kjernemuskulatur, gripestyrke, koordinasjon, balanse og motorikk. Olav har brattkortsertifisering og kan sikra klatrarar med topptau og sele.

Inn på tunet

Inn på tunet-tjenester er også ein del av Kro-gardens tilbod. "Inn på tunet" heitte tidlegare "grønn omsorg", og er aktivitets- og arbeidstreningstilbod retta mot målgrupper innan skule-, helse- og sosialsektoren og NAV. Ein del av arbeidsveka går med til inn på tunet-aktivitetar.

- Det er kjekt og krevande, og gir ein god utnytting av ressursane på garden, meiner gardenes grøne omsorgsteam, Kari og Olav, godt hjulpe av innleid arbeidskraft når større arrangement er på gang.

Munn-til-munn og folkehelse

Bortsett frå nokre spredte annonser i det lokale bygdabladet, er det gardenes nettsider, munn-til-munn-metoden og fornøgde kunder som utgjer markedsføringa i Kro. Ridelerar, både i skuleferier og på laurdagar, har blitt eit ettertrakta tilbod, noko snart fullteikna rideleirar for sommaren 2012 vitnar om.



For mange er det å vera på ein gard, ta ansvar for dyr og vera med på dyrestell og foring ei heilt unik oppleving.

- Ja, det overgår både dataspel, filmar og anna tidsfordriv, seier Kari. Gardsbesøk er verkelig eit folkehelse-tiltak som har dei viktigaste ingrediensane; opplevingar og aktivitet i friluft, førebygging, glede og meistring!

Lovlighetskontroll – hvorfor det?

Senterpartiet leverte 11. nov. begjæring om lovligeskontroll av to saker vedtatt i formannskapet. Hvorfor det?

I den ene saken kjent fra media som "hemmelig bonus til rådmannen" hadde ordføreren beordret utbetaling av 200.000,- uten sakspapirer eller vedtak.

Kan en ordfører utbetale store beløp fra kommunekassen uten godkjenning fra andre enn seg selv?

En god måned etter orden om utbetaling sender ordføreren ut korrigert møtebok. De som ikke svarer innen en uke har godtatt vedtaket om enstemmig utbetaling av 200.000,- Det protesteres på møteboken. Møteboken var stemplet "konfidensielt".

Det betyr at ingen hadde lov å snakke om bonusen. Den skulle holdes hemmelig.

Saken ble undersøkt med jurist hos fylkesmannen. Her ble det gitt klar melding om at dette ikke var rett. Bruk av skattepenger i en kommune skal ikke være hemmelig. Spesielt ille var det da dette var penger til rådmannen i kommunen, utbetalt av ordfører.

Det ble sendt totalt 5 e-poster og brev hvor en på forskjellig vis gjorde oppmerksom at dette var feil og måtte rettes opp. Det var ingen respons av noe slag fra ordføreren på disse henvendelsene.

I et åpent demokrati er det umulig å la

slike saker passere uten å reagere.

Den andre saken hvor det ble begjært lovligeskontroll var i saken om salg av fiskemottaket i Knarholmen. Her var det enighet i formannskapet om å gå videre med salg av bygget. Kaien skulle ikke selges.

Ved en feil hadde megler også lagt kaien ut for salg. Hvordan rettes denne feilen opp? Saken tas opp i lukket formannskapsmøte etter konstituerende kommunestyremøte. Møtet er uten innkalling eller sakspapirer. Kaien vedtas her solgt sammen med huset med 5 mot 2 stemmer. Dette fordi kaien var lagt ut ved en feil og letteste måten å rette dette opp var å selge umiddelbart. Det avholdes totalt 3 hastemøter i løpet av få dager i saken. Hvorfor var dette en hastesak?

Saken hadde aldri vært oppe i kommunestyret som er kommunens øverste organ og kan vedta salg av kommunal eiendom. Ingen delegasjon fra kommunestyret til formannskapet for salg av eiendom av denne type foreligger. Det ble foreslått fra Senterpartiet å sende saken til kommunestyret. Ordføreren avslo dette tvert.

Det ville være naturlig med høringsrunde i slike saker som dette ved salg av infrastruktur. Fiskarlag og næringsforum burde være selvsagte høringsinstanser. Ingen av disse er kontaktet eller informert om salget.

Først etter at saken hadde vært i media tar ordføreren lovligeskontrollen på alvor. Da kom saken på sakskartet. Det var ingen

tvil om alvoret i saken og begge ble derfor ved første anledning omgjort for å unngå at de gikk til fylkesmannen. Bonussaken nulles ut og salget i Knarholmen gjøres om.

Senterpartiet kan være med å påskjønne de som har gjort en ekstra innsats, med rådmannen i fremste rekke. Dette må derimot gjøres i lovlig former og fange opp alle i organisasjonen som fortjener det. Skal Bokn fremstå som en troverdig og inkluderende kommune må alt som foregår gjøres i all offentlig- og lovlighet. Alle må ha innsyn, møtene må annonseres og holdes åpne. Vedtakene må offentliggjøres for allmennheten.

Ved salg av kommunal eiendom må det ikke tas hastebeslutninger i en mislykket iver etter å rette opp tidligere begåtte feil. Saken må utredes, det må være høringsrunde når dette er nødvendig og saken må opp i de organ de hører hjemme. Det som er best for Bokns innbyggere, ansatte og næringsliv må settes i fokus.

Bokn skal fremstå som et åpent, raust, inkluderende og rettferdig samfunn. Alle skal føle seg verdsatt og få si sin mening. I Bokn skal vi ta vare på innbyggere og ansatte og gi dem tillit, innsyn og medbestemmelse i det som foregår og besluttet. Ingenting skal holdes hemmelig eller unndras innsyn uten at dette er strengt nødvendig og med hjemmel i lov. Ved å holde oss til dette vil Bokn bli et godt demokrati og et godt sted for alle.

Senterpartiet i Bokn

Julemarknad

Jardar Havikbotn

26. november gjekk årets julemarknad av stabelen på Coop Marked Bokn, og som vanleg var det ein del folk innom lokala i løpet av dei tre timane arrangementet varte.

5 års jubileum var det også, akkurat som Sommarmarknaden hadde det tidlegare i år. Og ramma rundt var den same før, der frammøtte kunne kjøpa seg "ting og tang" frå ulike stands, heimebakst i kaféen, smultringar av smultringmannen, og gode juletilbod i butikken.

9. klasse dreiv kaféen denne dagen og hadde førebudd seg godt. Ellen G. Johannessen (tv.) og Sofie Røssebø hadde mykje å by på.



Teiknerekonkurranse var det også, og julenissen stakk sjølvsgått innom.

På plakaten var det annonsert kulturelt innslag, og butikksjef Tor Harald Alvestad nydda då høvet til å ynskja tilhøyrarane velkomne til marknaden.

Maria Nilssen (bildet) framførte songane *En stjerne skinner i natt* og *What Are Words*.



Etterpå fekk publikum ein smakebit frå bokdåp-programmet til Kjetil Hamre og underteikna, frå arrangementet på biblioteket nokre dagar tidlegare.

9. klasse var på jakt etter inntekter til



Alltid muntert når julenissen kjem på besøk. Her er det Sigvart Våga som har fått godtepose, foran standen til Bianca Alvestad.

neste års klassetur, og hadde førebudd seg godt. Forutan at dei selde graut og heimebakst i kaféen, kaker i boksar, vrihassel-greiner og andre småting, hadde dei julelotteri der hovud gevinsten var ein adventskalender til ein verdi av ca. 1.500 kr. Folk kjøpte lodd

heile dagen, og klassen sat igjen med eit godt resultat.

I ein vrimmel av julemesser, julemarknader og anna førjulskos på Haugalandet, er det også viktig å arrangera og støtta opp om den lokale.

Koseleg Luciafest

Jardar Havikbotn

Bokn musikkorps sin tradisjonelle Luciafest var i år den 11. desember.

4. klasse gjennomførte eit flott Luciaopptrinn for ein fullsett sal, før Bokn skulekorps spelte tradisjonelle julesongar. Etterpå hadde aspirantane sine innslag. Talen for kvelden hadde Svein Terje Brekke.

Så gjekk tre korpsmusikantar på scenen og viste at dei ikkje berre trakterer messinginstrument. Først ut var Maria Nilssen med gitar og song. Me fekk høyra *Himlen i min favn*. Carola sin julesong blei også framført av Bokn Brass/Rustne Horn seinare på kvelden. For tredje året på rad hadde Kristina K. Hanssen og Ida Havikbotn songinnslag. *Jul i Svingen* og *Last Christmas* var kveldens utvalde.

Anne Tove Øvrebo spelte til bordverset. Mat, drøs og trekningar av div. gevinstar fulgte så, før ordførar Kyrre Lindanger delte ut kulturprisen ([sjå s.](#)). Som i fjar slutta vaksenkorpsen si avdeling med eit Prøysen-potpuri. Og også denne gong var det planlagt all-song. Kjende Prøysen-songar ljoma frå både scene og sal.

Samtlege aktørar gjorde ein kjempeinnsats på scenen, og bidro til ein koseleg Luciafest.



Bokn skulekorps, med dirigent Lillian Grønnestad, i aksjon.



Foto: Robbie Williams

Entusiastiske 4. Klassingar gjennomførte eit flott Lucia-opptrinn.



Lys vaken!

Greta Skorpe Elverhaug



Det knirka og knaka i veger og dører. Vinden bles og det buldra frå Boknafjellet, men fjellet stod støtt for vestavinden heile natta. Det same gjorde kyrkja på Bokn. Den har stått støtt i over 150 år, så den skulle vel klare stormen Berit og.

Inne i kyrkja var det liv og røre. Seks blide 11-åringar og to kjekke konfirmandar hadde tatt med sovepose, liggeunderlag og tannkost. Dei skulle vere Lys vakne i kyrkja denne natta. Men utpå natta blei det stilt likevel....Litt søvn treng ein 11-åring og....!

"Lys vaken" er kyrkja sitt tilbod til 11-åringar landet rundt, for å feire inngangen til nytt kyrkjeår. Søndagen tente me det første lyset i adventstakken.



11-åringar klare for Lys vaken!

Etter at alle hadde fått kvar si lyseblå t-skjorte og lova at dei skulle vere greie med kvarandre, kunne kvelden byrje.

Me byrja med ei Perlevandring der me lærte om Kristuskransen. Kvar perle i Kristuskransen har ei betydning. Etter fruktpause og Lys vaken-songen var me klar for å lage kransen. To røde, ei blå, ei svart, kvite, sandfarga perler og ei gullperle, som er Gud si perle, blei tredd på ei snor. Til slutt hadde alle laga kvar sin vakre krans som dei kunne ha rundt handleddet.

På Petrahuset hadde farmor Ingrid Jø-



I SAKRISTIET: fv. rundt bordet Johan Rossebø, Jørgen Nilssen, Joar Øvrebø (konfirmand), Karen D. Jøsang, Julie Bokneberg (konfirmand), Annelin D. Jøsang, Emilie A. Espeland og Roar S. Tjøsvoll.

sang laga til herleg taco. Levande lys på bordet, kvit duk, ballongar og kake til dessert. Me åt og kosa oss. Tilbake i kyrkja var det adventverkstad. Alle fekk lage seg eit fint....oi, her kom eg nesten til å røpe jullegåva! Iveren var iallfall stor! Og til Lys vaken-songen song 11-åringane for full hals medan dei arbeidde taktfast med filtenålene.

Snop og leiker høyrer og til ein laurdagskveld. Då klokka nærma seg midnatt, var det tid for tannpuss og nattdrakt. Etter ei kveldssamling der underteikna fortalte om Samuel frå Bibelen, var det allereie mange som hadde funne soveposen.

Det bles og knirka i dører og veger, så det var ikkje så lett å få sove i ei gammal, kvitmåla kyrkje. Men utpå natta blei det heilt stille...



Fruktpause rundt alterringen.

Morgonen kom. Frukost på Petrahuset og rydding i kyrkja. Foreldre, søsknen og besteforeldre fekk høre Lys vaken-sangen, tenne lys i lysgloben og høre om Samuel før dei kunne ta med seg den Lys vakne 11-åringen sin heim, første søndag i advent.

PS. Takk til Oddrun Nilssen som laga frukost til oss! Takk til Svanhild Alvestad som overnatta i kyrkja saman med oss og hjalp til både før og etter! Takk og til Sigrunn Hosaas som hjalp til i forkant av Lys vaken!

Ny saksbehandlar i seksjon teknisk

Tone Bergaas har kontor ved sida av teknisk sjef på Boknatun. Ho har tlf. 52 75 25 05 - 90 77 77 28.

Nærare presentasjon av den nye medarbeidaren kjem i neste blad.

- redaktøren -



Eg seie meg så

Birger Lindanger

Blanding

Denne runden var prega varierande vanskenivå. Nokre av uttrykka, som stikkedåse og lann, skulle vera vel kjend for dei fleste. Andre, som "å gå av sigle" er gamle og blei forma i ei tid då kverna framleis var eit viktig bygg for boknarane. Også "hyllekrog" er lite brukt i dag, etter som det ser ut av svara. Jamvel damene i dagstova sleit denne gongen. Men kanskje vil nokre nikka gjenkjennande når dei ser tydinga? Elles var det dei yngre som erobra fyrsteplassen denne gongen: Andor Borgenvik fekk åtte av ti rette.

Så forklaringane:

- | | |
|------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. ildning | eigentleg lyng og kvist som blei brukt til å fyra med. |
| 2. beinleies | beina leia, rett fram |
| 3. å ikkje støyda strå | ukvass reiskap, bruka om sløve ljåar, saksar, knivar osb. |
| 4. lann (ikkje område) | flytande husdyrgjødsel |
| 5. eit hogbed | brått kvalmen, så god att |
| 6. å gå av sigle | å gå av skaftet. Eigentleg når kvernsteinen hoppa av sigle, ein jernkloss som overførte krafta frå akslingen til steinen. |
| 7. trås | brent einer |
| 8. eit vandykle | ubrukeleg reiskap |
| 9. ein stikkedåse | fyrstikkkeske |
| 10. hyllekrog | eit kroket, nedbeita tre |

Resultatlista denne gongen var då fylgjande:

Andor Borgenvik	8 av 10
Dagsenteret	7 av 10
Sjukestova	5 av 10

Om det ikkje blei full pott denne gongen, er det likevel ingen grunn til å fortvila.

Det er det samla resultatet som tel.

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 16. januar. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad
Boknatur
5561 Bokn

MÅNADENS UTTRYKK**Kva betyr...**

1. á besa
2. ei kjetta
3. munnvalen
4. hardbale
5. eit bisen
6. á bia
7. kjedel
8. á fli
9. liga halden
10. sokkaleist



Var "munnvalen" eit gammalt boknauttrykk for bardekvål. Her ein glad kval midt i spranget.

Teikning: BL

Sidan det er jul, har me letta litt på vanskenivået denne gongen.

Elles ynskjer me i "Eg seie meg så"-redaksjonen ein retteleg god og fredeleg god jul både til trufaste og meir sporadiske lesarar. Er det forresten nokon som har gode boknauttrykk som har med jula å gjera?

Ein stor takk elles til Anne Hognaland som har sendt oss eit bra knippe gamle boknauttrykk.

**Bokn Bygdablad for
20 år sidan
FRÅ NR. 10 1991**

HELSING FRÅ ORDFØRAREN

Året 1991 som snart er til ende, vil utvilsomt bli ståande som eit merkeår i lang tid framover for oss boknarar. Dersom me hadde spurt den enkelte om kva som hadde festa seg mest i minne frå dette året, har eg ein mistanke om at dei aller fleste ville svara: Kongebesøket.

Sjølv om bruopninga den 22.02., og åpninga av ferjesambandet sørover kvar for seg var avgjort store og betydelege hendingar, er nok nettopp besøket av Kongen det som folk hugsar best, og seinare vil forbinda desse merkedagane med.

Eg vil nytta dette høvet til å takka alle for den velvilje og sporty innstilling som vart lagt for dagen i planlegginga og gjennomføringa av dei store festdagane me har hatt. Dette bekreftar at når me står saman om noko, maktar me også å gjennomføra det til punkt og prikke.

Det vart nok knytt forventningar til at den nye tida skulle skapa ny vekst i bygda. Dette har vel ikkje synleggjort seg så mykje ennå, men så er me heller ikkje langt på fjorden komen. Det er registrert større interesse for bustadstomter. Utanom dei husa som alt er under bygging er

det 5 - 6 hus til under planlegging.

Den føreståande utbygginga på Kårstø bør kunna gi ytterlege etableringar av bustader. Kårstøubygginga bør kunna utnyttast av oss også på andre område. Eg tenker særleg på dei unge som er under utdanning siktar seg inn på å kunna søkja arbeider.

Dessverre er det mørke skyer også over oss til like med resten av landet. Krisa i oppdrettsnæringa kan føra til tap av arbeidsplassar. I skrivande stund er situasjonen veldig ustabil, men me får håpa på det beste.

Men det er vel slik, at me kallar problemer for, er bagateller å kalla i forhold til det som skjer rundt om i Europa, der krig og fattigdom med svære folkemengder på flukt er ting me ser på TV kvar einaste dag. Kanskje hadde "lakseberget" gjort nytte for seg der.

Eg ynskjer alle ei god fredeleg julehelg,
og eit godt
Nyårs.

Helsing Leif



Kulturprisen 2011

Tekst: Jardar Havikbotn
Foto: Elisabet Taraldlien

**På Bokn musikkorps sin Luciafest
11. desember blei Bokn kommune
sin kulturpris 2011 delt ut.**

Ordførar Kyrre Lindanger kunne gi prisen til Ragnhild og Artur Trosnavåg. Her er grunngjevinga frå Bokn formannskap:

Bokn kommune sin kulturpris 2011 går til Ragnhild og Artur Trosnavåg, for at dei gjennom eit stort og utrøtteleg arbeid i Pluggen Motorklubb gjennom ei årrekke, har fått fram ein trialklubb som leverer på høgt plan, både blant eigne utøvarar og som stemnearrangør.

Gjennom kursverksemد og deltaking på arrangement i andre kommunar, har prisvinnarane opparbeida seg kompetanse, og har med stor entusiasme planlagt, og med stil, gjennomført fleire NorgesCupar og Rogalandsrundar i trial. Slike arrangement markedsfører sporten og Bokn kommune.



Ordførar Kyrre Lindanger (tv.) gir prisen til Ragnhild og Artur Trosnavåg.

Dei er alltid positive og svært inkluderande ja-menneske. Me håpar kulturprisen vil verka inspirerande i det vidare arbeidet i motorklubben.

Prisen er eit litografi av

haugesundskunstnaren Sigmund Olsvik, med tittelen *Stillhetens kyst*, samt eit diplom.

Bokn Bygdablad gratulerer!

Sleksgransking på Allrommet

Reidar Alvestad

12 personar møtte opp på Allrommet den 29. november for å læra meir om korleis ein kan finna ut kor ein kjem frå og kven forfedrane er. Det var kanskje mindre enn ein kunne forventa? Mange gir uttrykk for at dette er noko dei gjerne skulle vita meir om.

Det var i alle fall ikkje noko i veien med foredragshaldaren som var ein kapasitet på området. Tove Solli er fylkessekretær i Rogaland historie- og ættesogelag, og orienterte grundig om korleis ein kunne gå fram for å finna meir ut om forfedrane sine. Og ikkje minst kom ho med gode råd om kva ein kunne gjera for å sleppa å få feil inn i oversikta, kva forholdsregler ein måtte ta, og kva ein kunne stola på.

Tove Solli meinte at ein ville koma langt dersom ein klarte å gå 6 generasjonar tilbake. Det ville i tilfelle dreia seg om å gå omkring 200 år tilbake i tida.

Todelt framlegging

Tove Solli hadde delt kvelden in i to bolkar, der ho i første delen snakka meir generelt om korleis ein kunne gå fram ved å innhenta opplysningar frå eiga slekt ved å snakka med flest mulige informantar og notera alt ned og laga permar og eit godt system for muntlege opplysningar og bilete med notat om kven som er på biletet og års- tal. Her er det viktig med eit godt sys-



Tove Solli (th) i samtale med dei frammøtte.

tem med nummer og namn – helst ikkje lause lappar. Alt bør noterast, ikkje stol på hukommelsen. Bygdabøker og kyrkjebøker kan vera nyttige. Så er det viktig at namna på personane er rette. Dobbelsjekk gjerne namna. Folk bytta ofte etternamn før, alt etter kor dei busette seg og flytta. Dei bytta ofte etternamnet til stadnamnet dei flytta til.

Foredragshaldaren snakka også om førenamn og oppkallingsreglar før i tida. Det var faste uskrivne reglar om

kva barna skulle heita, avhengig om det var gut eller jente.

Internett

Etter ein kaffipause gjekk Tove Solli inn på korleis ein kan finna ut om slekta si ved å nytta seg av internett. Her er www.arkivverket.no ei særskilt adresse å søkja på. Her finn ein utrolig mange nyttige lenker å gå inn på, alt frå folketeljingar til statsarkivet.

Arrangør av sleksgranskingskvelden var Bokn historielag.

Allsidig medarbeidar

Jardar Havikbotn

Silje Aksdal er både reinhaldar, kokk og bussjåfør i kommunen.

I små kommunar er det ikkje uvanleg at arbeidstakarar har mange arbeidsoppgåver. 38-åringen frå Rennesøy er ein av dei.

I november 2009 begynte ho som vikar i reinhald. Denne hausten blei fagbrevet tatt, etter eitt år med ulike kurs i mikrobiologi, tekstilar, stillas og vedlikehald av golv. Prøvane tok ho på Boknatun, og stod med glans. Og titteien blei...

- Reinhaldsoperatør heiter det nå, smiler Silje, som nå har fast stilling i om lag 50%. Ho er også på kjøkkenet ved sjukestova tredje kvar helg, noko som tilsvasar ca. 13%-stilling.

Men Silje er også bussjåfør. I sju år køyrde ho rutebuss Rennesøy-Stavanger. Den nye kommunebussen har allerede hatt Silje bak rattet på



Reinhaldsoperatør Silje Aksdal gjer arbeidet med eit smil.

fleire turar. M.a. køyrde ho Dagsenter-brukarane, til nettopp Rennesøy. Og det gode humoret hennar og

mange fine kommentarar, kjem vel med i ei allsidig arbeidsveke.

Gratulerer!



Evy Grønnestad 50 år, 30. november

Me vil få gratulere vår kjære Evy med den store dagen, du er så snill og grei.

Klem fra mor og far, søskjen, svigerinne og tanteungene



Oda Sofie
Surnevik Aksdal
1 år, 4. des. og
Marte Aksdal
Frette 1 år, 6.
januar

Gratulerer!

Hilsen bestemor og bestefar på Bokn



Elise Kro Birkeland 5 år, 4. desember

Me vil gratulera go'jenta vår med dagen som var. Me er kjempeglad i deg!

Stor klem fra Julie, mamma og pappa. Mormor hilser også.



Janne Elisabeth Ytreland 30 år, 5.12

Hjelp som tiden går, tenk du er 30 år, Janne Elisabeth:)

Klem fra mamma og Sigve

Sander Alvestad 11 år, 15. desember

Gratulerer med dagen Sander, kjempeglad i deg.

Klem fra mamma



Emilie Bryningsland 8 år, 5. des.

Den snilla jentå våres blir 8 år.
Gratulerer så masse med dagen, Emilie!
Me e gla i deg!

Gode klemmar fra Tuva, Eskil, mamma og pappa

Anna Faye Solgård 2 år, 15. des.

Gratulerer så mykje med dagen!

Mange klemmar frå morfar og mormor



Andreas G. Alvestad 3 år, 08. des.

Hipp Hurra for Andreas som blir 3 år!
Masse glad i deg lille venn!

Stor klem fra Farmor, Farfar og tante Irene.



Anne Marie Bokneberg 80 år, 27.12

Vi gratulerer vår kjære mamma, mormor og svigermor Anne Marie Bokneberg med 80 års dagen. Vi er alle veldig glade i deg, og takk for at du er så snill og god mot oss. Håper du får en fin fødselsdag, som vi feirer sammen på sjøhuset i Alvestadkroken.

Hilsen Lillian, Lars Sverre og Roald



Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



Simmen Karoliussen 12 år, 12. des.

Vi vil gratulere med 12 års dagen!

Klem fra onkel Sigve og tante Venke



Hundeskit

Ein lesar var innom Bokn Bygdablad etter ein tur rundt Turstien. Vedkommande hadde plukka opp temmeleg mykje hundeskit langs traseen, og samla det i ein hundepose.

Enkelte hundeeigarar må bli flinkare å ta opp ekskrementene etter kjæledyra sine når dei går på tur!

- redaktøren -

KULTURKALENDEREN

Desember

- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletrefest på bedehuset kl. 18.00 - arr. Bedehusstyret og frelsesarmeens
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Januar 2012

- 03. Bokn KFUK-KFUM-speidrar: Oppstart for Oppdagarar
- 10. Bokn KFUK-KFUM-speidrar: Oppstart for Stifinnarar og Vandrarar
- 13. Kino i Auditoriet
- 15. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 16. Bibellesing på bedehuset kl 1900
- 18. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.30
- 22. Gudsteneste kl. 11.00
- 22. Familiespeiding i Trollskogen kl. 1500
- 22. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 27. Kino i Auditoriet
- 29. Normisjon har møte på bedehuset kl 1900
- 30. Bibellesing på bedehuset kl 1900

Februar 2012

- 05. Gudsteneste kl. 11.00, bibel til 5. klasse
- 08. Israelsmisjon har møte på bedehuset kl 1900
- 10. Kino i Auditoriet
- 12. Familiespeiding i skogen på Sunnaland kl. 1500
- 13. Årsmøte kl. 19.00, Bokn musikkorps
- 13. Bibellesing på bedehuset kl 1900
- 15. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 17. Bokn bedehus har årsmøte kl 1900
- 18. Fotoinnsamling til bygdeboka
- 19. Gudsteneste kl. 18.00
- 24. Kino i Auditoriet
- 24. Den Indre Sjømannsmisjon har møte på bedehuset kl 1900
- 26. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 26. Bingo kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
- 26. Den Indre Sjømannsmisjon har møte på bedehuset kl 1900
- 27. Bibellesing på bedehuset kl 1900
- 28. Speidarbasar på bedehuset kl 1800

Mars 2012

- 04. Gudsteneste kl. 11.00
- 04. Gudsteneste kl. 11.00
- 08. NMS har møte på bedehuset kl 1900
- 09. Kino i Auditoriet
- 11. Familiespeiding i Speidarskogen kl. 1500
- 11. NMS har møte på bedehuset kl 1900
- 12. Bibellesing på bedehuset kl 1900
- 15. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 18. Gudsteneste kl. 11.00, løftefornying
- 18. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 23. Kino i Auditoriet
- 25. Karmsund ABR-senter har møte på bedehuset kl 1900
- 26. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 26. Bibellesing på bedehuset kl 1900

April 2012

- 01. Gudsteneste kl. 11.00, dåpsskule/konfirmantar
- 05. Påsken i ord og tonar og påskemåltid på bedehuset kl 1630
- 06. Gudsteneste kl. 11.00
- 08. Gudsteneste kl. 15.00
- 15. Familiespeiding tur på Boknafjellet kl. 1500
- 15. Norsk Lutherisk Misjonssamband har møte på bedehuset kl 1900

- 18. Kontaktmøte på bedehuset kl 2000
- 19. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 20. Kino i Auditoriet
- 22. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 22. Vårkonsert kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 22. Gideon har møte på bedehuset kl 1900
- 23. Bibellesing på bedehuset kl 1900
- 29. Gudsteneste kl. 18.00, Ung messe - samtale-gudsteneste

Mai 2012

- 04. Kino i Auditoriet
- 06. Gudsteneste kl. 11.00, konfirmasjon
- 13. Normisjon har møte på bedehuset kl 1900
- 17. Gudsteneste kl. 10.30
- 18. Kino i Auditoriet
- 20. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 27. Gudsteneste kl. 11.00 i Tysværkyrkja, felles for Bokn og Tysvær

Juni 2012

- 01. Kino i Auditoriet
- 03. Gudsteneste kl. 11.00 ute i Loten, felles for Bokn og Tysvær
- 06. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
- 17. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
- 23. St. Hans feiring på Nærmiljøanlegget kl. 1800
- 24. Gudsteneste kl. 11.00
- 30.- 06.07 Kretsleir for Vandrarar

Juli 2012

- 07. Sommarmarknad på kaien i Føresvik
- 08. Gudsteneste kl. 12.00
- 29. Gudsteneste kl. 12.00

August 2012

- 17. Kino i Auditoriet
- 31. Kino i Auditoriet

September 2012

- 14. Kino i Auditoriet
- 28. Kino i Auditoriet

Oktober 2012

- 12. Kino i Auditoriet
- 26. Kino i Auditoriet

November 2012

- 09. Kino i Auditoriet
- 18. Vamp-konsert på skulen
- 23. Kino i Auditoriet

Desember 2012

- 07. Kino i Auditoriet

Påfyll

Årshjulet i bygda rullar vidare, og fleire bidragsytalar har alt planane klare, i alle fall før første halvår 2012.

Fleire likar også å planlegga lang tid framover, og det er verdt å merka seg at Vamp kjem for å halda konsert i gymsalen 18. november 2012.

Temakveld om styrearbeid i frivillig sektor

Anne E. Askeland

Arrangørane/Bokn kommune var spente på om ein temakveld angåande styrearbeid i frivillig sektor ville vera noko som kunne fanga interessa hjå boknarane; spesielt når temakvelden vart arrangert så tett oppunder jul. Det var difor hyggeleg å notere seg at heile 17 stykker (18 stk deler av kvelden) hadde funne tid til å samlast rundt eit tema som styrearbeid.

I salen var representantar frå Bokn Røde Kors, Bokn Motorklubb (Bokn idrettslag), Bokn Mållag, Bokn Historielag, Havnavegen Velforening, Austre Bokn Bygdalag, Bokn danse og ungdomslag samt personar som pr. i dag ikkje har spesifikk lags- tilhøyrighet. Det var spesielt kjekt å sjå at ungdom i Bokn hadde funne vegen til temakvelden.

På agendaen stod mellom anna:

Kva er styrearbeid?

Styrekompetanse; treng vi det?

Rekruttering til styreverv; kva skal til?

Deltakarane vart også delte inn i grupper der dei diskuterte kva utfordringar ein ofte står overfor, i eit styre. Deltakarane vart bedne om å seia noko om korleis ein kan tilnærma seg dei ulike utfordringane. Praten gjekk godt og flotte innspel vart presenterte i plenum til slutt.

Nestleiar i Haugesund Røde Kors, Lars Nervik og folkehelsekoordinator i Bokn, Anne Elisabet Askeland, hadde ansvar for å styra ordet og for å setja fokus på dei ulike problemstillingane. Lars Nervik har lang erfaring frå ulikt lagsarbeid; både som styreleiar og som styremedlem. Han har også fleire styreverv i næringslivet. Nervik framheva spesielt følgjande punkt som svært viktige for å lukkast med styrearbeid; både i frivillig sektor, men og i kommersiell sammenheng:

Det er styret si oppgåve å:

Sikre åpenhet om arbeidet og syta for at ein arbeider med ei felles forståing av måla

Gå føre som eit godt eksempel og vise gode holdningar

Sikre inkludering; både internt, men og overfor medlemmer og andre

Bidra til inspirerte medfrivillige; både internt, men og overfor medlemmer og andre

Saman med folkehelsekoordinatoren i Bokn kommune, som har styrekompetanse frå BI samt erfaringar frå lagsarbeid over fleire år, fekk Nervik deltakarane til delta i diskusjonane og til å koma med innspel til punkta som var satt opp.

Temakvelden vart arrangert som ledd i



Lars Nervik; engasjert og svært kunnskapsrik.

arbeidet med folkehelse. Det er, frå både departementets hald samt frå fylkeskommunen, eit ynskje at ein ser på moglege samarbeidsformer kommune/frivillig sektor for på denne måten å bidra til meir, men like viktig, meir forutsigbar frivillig aktivitet. Og vi er allereie her ved sakens kjerne: Er det mogleg å skissere system og strukturar for det frivillige? Eller kan det formaliserast "i hjel"? Mykje av nøkkelen til suksess ligg i å ikkje gjera kommunen til ein aktør som skal gjera forsøk på å overta det frivillige arbeidet, men tvert om vera tilretteleggjaa

vart runda av med å konkretisere fylgjande:

Deltakarane (som representerte 7 lag og organisasjonar i Bokn) ser alle eit behov for å samlast for å diskutere lagsarbeid med jamne mellomrom. Folkehelsekoordinatoren vert, på vegne av kommunen, ein naturleg medspelar her. Det er eit ynskje at folkehelsekoordinator set opp forslag til møteplan samt kallar inn til desse møta. I tillegg ser alle eit behov når det gjeld å marknadsføra lagsarbeidet og aktivitetane som finst i dei ulike



Ivrige deltakarar: Representasjon frå heile 7 frivillige lag.

ren for at ildsjelene og dei frivillige kan få vera frivillige på eigne premissar. På denne måten kan dei få driva med det dei brenn for. Kan ein tilrettelegge for å gjera det "enkelt" å vera frivillig vil det med all sannsynlegheit generere meir aktivitet; ein aktivitet med utspring i genuint engasjement. Temakvelden er den første i ei rekke temakvelder dei neste åra; innspel til tematikk vert motteke med takk!

Kvelden hjå Åse Helen Alvestad, som alltid leverer varer av ypperste klasse,

laga. Også her vil folkehelsekoordinatoren spela ei rolle i kraft av å koordinere samt ta seg av det praktiske i forhold til å få laga ein informasjonsfolder der alle frivillige lag og organisasjonar vert presenterte under eitt. Kostnadane til dette vil i denne runden verta dekka av kommunen (folkehelsemidlar øyremerka konkrete tiltak). Laga stiller med eigenproduserte tekstar. Det er viktig at det enkelte lag tydeleggjer visjonar og målsetjingar samt seier noko om framtidige planar/strategiar.

Dei nemnde tiltaka vil vera del av incentivprogrammet som er under utarbeiding og som vil verta presentert for frivillig sektor for formalisering.

Neste temakveld vert annonsert i god tid; vi vonar mange vil setja av tid til å delta.

I desse juletider:

Til: "Ein sambygding"
Frå: "Ein sambygding"

Eg ynskjer å

*E - ntusiasme
N - estekjærleik
G - enuinitet
A - nsvar
S - amhald
J - jantelov? Nei; ikkje hjå oss!
E - ngasjement
R - aushet
E - ndringar*

*meg; fordi eg har eit samfunnsansvar.
Det har du og; kjem du? Eg spanderer kaffien.....@@*

God jul!

Omsetning av eigedomar i Bokn

Gnr 9, bnr 24 er overdradd fra Selma Larsen til Liv Lund, Oscar Larsen, Jarle Larsen og Terje Olav Larsen
(31.10.2011)

Gnr 7, bnr 34 er solgt for kr 250.000 fra Helge Solberg til Torfinn Våge
(21.11.2011)

Andel av Gnr 9, bnr 24 er overdradd fra Oscar Larsen til Jorunn Larsen
(31.10.2011)

Kjelde:
Statens kartverk



Forvaltningsstyre



Formannskapsmøte 6. september

Sak 044/11 Søknad om dekning av merforbruk - Bokn Sokneråd.

Formannskapet sitt vedtak: Soknerådet får dekka meirutgiftene til bygging av bårehus på kr. 70.165,-. Beløpet vert dekka av reservert løyving.

Forvaltningsstyremøte 13. september

Sak 034/11

Gnr 9 bnr 12 Ingjerd Ellingsen/Augustin Thuestad - utlegging av utriggar.

Forvaltningsstyret sitt vedtak: Rådmannen sit framlegg blei avvist.
Nytt framlegg til vedtak blei samråystes vedteke.

Endeleg vedtak er som følger:

På grunn nye opplysningar i sakar går forvaltningsstyret mot rådmannen sitt framlegg og godkjenner ikkje utlegging av omsøkt utriggar. Forvaltningsstyret ser ikkje at ein kan taka opp sakar på nytt før oppsitjarane har arbeid ut samla plan for det indre hamneområdet i Føresvik. Planen må vera godkjent av Karmsund Havnevesen og Kystverket.

Sak 045/11 Budsjettkontroll 2011 – halvårsrapport.

Formannskapet sitt vedtak: Budsjett og rekneskap for fyrste halvår 2011 blei samråystes tatt til etterretning.

Sak 035/11

Søknad om frådeling av tomt til gardshus, gnr. 3 bnr. 12.

Forvaltningsstyret sitt vedtak: Rådmannen sitt framlegg blei avvist.
Nytt framlegg blei samråystes vedteke.
Endeleg vedtak er som følger:
Forvaltningsstyret gjev etter § 12 i jordlova samtykke til at bebygd parsell på gnr. 3 bnr. 12 blir frådelt.

Sak 047/11 Midler til utarbeiding av ny tomdedelingsplan i Knarholmen.

Formannskapet sitt vedtak: I samband med at det skal lagast tomdedelingsplan for næringsområdet i Knarholmen, løvde formannskapet kr 50.000,- frå næringsfondet til arbeidet.

Sak 048/11 Kommuneplanrullering i kommunestyreperioden 2007 -2011- gjennomgang av foreløpig arealplanforslag:

Formannskapet sitt vedtak: Formannskapet tok gjennomgangen til orientering.

Sak 049/11

Søknad om tilskott frå næringsfond.

Formannskapet sitt vedtak: Formannskapet innvilga støtte frå næringsfondet.



Kjekt på pepperkake –Bokn; eit tiltak i beste folkehelseånd

Tekst: Anne E. Askeland - foto: Jardar Havikbotn

Det er med undring vi ser tilbake på hendinga i 2009 då 90 % av alle dei 1000 pepperkakebygningane som var laga til pepperkakebyen på Torgalmenningen i Bergen, blei øydelagde. Og som TV2 den gong skreiv på heimesida si: "Vandaler har natt til søndag ødelagt det meste av pepperkakehusene på Torgalmenningen i Bergen. Pepperkakebyen blir satt opp hvert år før jul i Bergen for å skape julestemning i byen, og er en nonprofit aktivitet som er helt gratis for alle barn og psykisk utviklingshemmede."

Det er uforståeleg at menneske er i stand til å utføra eit skadeverk som det skadane den gong representerte. Dei fleste av oss reagerer med vantrou og skuffelse, ja; for det rørte ved fleire enn hordalendingane og bergensrane. Det kunne like gjerne ha skjedd i ein annan by. Det kunne skjedd våre pepperkakebygg...

Men; kvifor reagerer vi så sterkt på ei hending som dette?

Gro Sørensen på servicetorget i Bokn kommune har kanskje noko av svaret:

- Sjá dei flotte pepperkake- kunstverka vi har her hjá oss og tenk på alle dei mange timane med kreativitet, med hygge og stemning og med god gamaldags familietradisjon som ligg bak konstruksjonen av alle dei flotte bidraga! Tenk på alle timane borna, syskene, foreldre – og kanskje besteforeldre har lagt ned i å skapa noko saman. Det har uvurderleg verdi for helsa til den einskilde som har bidratt. Difor reagerer nok også dei fleste av oss så sterkt når noko utan Anna for auga enn å øydeleggje, gjer det som blei gjort i Bergen. Men; når det er sagt: Det er utruleg kva som bur i den enkelte av oss når vi vert konfronterte med ulike utfordringar: Ikkje mange dagane seinare såg ein tilhærma lik pepperkakeby, lys på Torgalmenningen i Bergen. Imponerande, seier Gro entusiastisk før ho legg til:

- Og imponert er eg over alle dei flotte



20 bidrag kom inn, i alle klassar: Enkelpersonar, par, familiar og grupper.

kunstverka vi har fått inn her hjá oss i år også. Kreativiteten blant boknarane er stor; bevisa finn vi her. Eg er svært glad for at vi kasta oss utpå dette i fjar. Det er levna liten tvil om at dette er ein tradisjon som er kommen for å bli. Og vinnaren vert kåra mandag 19.desember av medlemmer av forvalningsstyret. Vinnaren vert offentleggjort på skulen si avslutning tysdag kveld.

22. desember er den offisielle pepperkakehusnusdagen på Bokn så dei som ynskjer å ta kunstverket sitt heim att må altså hente det innan denne dagen.

Ein kjem umiddelbart i god stemning når ein betraktar både kommunebussen i pepperkake- utgåve, hummarteina, dei mange flotte kyrkjene og byggverka – for ikkje å gløyma det vesle toget som i tankane töffar av går-

de. I tillegg til synsintrykket ligg det ein mjuk eim av pepperkake- lukt i servicetorget og summerer ein alle sanseintrykka så vert totalopplevelinga svært god.

- Eit folkehelsetiltak av stor verdi; alle kan delta, det kostar ikkje mange kronene og anten ein er ung eller gammal så har ein med all sannsynlighet hatt ei god opplevelse", avsluttar ein av initiativtakarane og pepperkakehusvoktar Gro Sørensen før ho forsiktig justerer litt på korleis kommunebussen stod parkert.

- Hm; lurer på kor bussen er på veg no og kven som har leigd han denne gongen, seier ho lattermild...

Initiativtakarane til pepperkakebygd på Bokn var Gro Sørensen, Elisabeth Taraldlien og Linda Ognøy.

...visste du at det kan vera smittsomt?

Tekst: Anne E. Askeland

Foto: Jardar Havikbotn

I desse influensa – tider stiller du deg nok spørsmålet: "Kva er det no som smittar då? Tykkjer då det held no, med alle sjukdomane vi har rundt "nåvene"..."

Det er hyggeleg å kunne berolige både deg og andre lesarar med at det som smittar i denne samanhengen er glede. Gleda over å vera i aktivitet og over å vera saman med andre i eit sosialt lag.

Då kommunen annonserte trim for eldre tidlegare i år, stilte om lag 10 entusiastiske damer opp. Blant dei som møtte fann vi representantar frå både dei som framleis er i god fysisk form, men og dei som ikkje lengre er så raske til beins. Då vi nærmra oss sommaren 2011 vart vi einige om at vi gjorde lurt i å byta lokale etter som populariteten til tiltaket auka. Med tett på 20 personar i aktivitet oppå all- rommet vart det knapt om plassen. Sidan i haust har vi vore så heldige å få låna gymsalen på skulen frå klokka 10.15 – 11.15. Med andre ord: Vi

har, i tillegg til å få utvida plass, også utvida tida vi er saman. Vi har vanleg trim samt avspenningsøvelsar dei vekene vi har fysioterapeut Geir med oss.

Det kjekkaste med dei heile er likevel fylgjande: I tillegg til timane i gymsalen har Torny Rossebø på eige initiativ og med stor ansvarsjkjensle tatt på seg å ha trim for dei som bur på sjukestova samt i omsorgsboligane. Dei møtes også torsdag klokka 10.15 ca og held til i oppholdsstova oppå på sjukestova. Ikkje mindre enn 10-12 damer der også! Torny har lagt opp til aktivitet til roleg musikk og med utgangspunkt i at ein sit på ein god stol med god støtte (balanse er svært viktig).

Vi har også hatt nokre flinke menn i sving utandørs: Dei møttest torsdag over eit slag boccia. Pr. skrivande stund har dei tatt ein liten pause frå boccia- spelninga, men vi satsar på å finne boccia- kulene fram att når det várast. Og går det som vi ynskjer vil vi arrangere ein aldrí så liten uhøgtidleg boccia- turnering på Bokn, til våren.

Som seg hør og bør: **Det er juleferie frå trimmen frå no og fram til veke 2, 2012.**



Trimmen i gymsalen startar opp att torsdag 12.januar klokka 10.15. Torny tek ansvar vidare for å samle gruppa på sjukestova/ omsorgsboligane. Boccia vert annonsert når det várast.

Med ynskje om ei fredfylt jul til alle; og hugs: Jula ei glimrande tid når det gjeld fysisk aktivitet. Tenk deg det flotte skue dersom alle gjekk rundt juletreten i minst 30 minutt kvar dag heile jul!

Skulle gjerne vore 4 år i romjula då ja..... God jul!

Bevegelsesglede!

Anette Våga

Det er med stor glede og ikke minst beundring jeg ser på alle som holder seg i aktivitet i Bokn. For noen handler trening først og fremst om resultater, mens andre nyter stillheten og naturen ved å gå seg en tur. Andre søker den gleden og velværet det er å være aktiv sammen med andre. Noen kaller det aerobics, andre kaller det saltrening. I Friskis&Svettis har vi valgt å kalle det jympa. Bevegelse til musikk, enklere enn aerobics, effektiv trening der bevegelsesgleden står i fokus. Nytt fra i høst var dans fuego, Friskis&Svettis svar på zumba. Inspirert av latinske rytmer, musikk og danseuttrykk er det mange som har våget å henge seg på og sluppet seg løs.

Felles for alle de rundt 50 medlemmene i Friskis&Svettis på Bokn i 2011, er at vi har funnet en enkel, god og effektiv treningsform som vi trives med. Håper at gymsalen igjen fylles opp på nyåret av både gamle og nye medlemmer!

I en tid hvor lavkarbodietter er i vinden som aldri før, ønsker jeg å gjengi en kronikk som stod i Dagbladet 12. oktober i år. Der deler Vegard Nilsen som er treningsleder i Friskis&Svettis Kristiansand, og overlege ved Sørlandet sykehus, blant annet for syklig overvektige pasienter sine tanker rundt debatten om lavkarbodietter.

Han skriver:

Jeg vil fortelle om hvordan jeg som lege for syklig overvektige pasienter opplever lavkarbodietten. Jeg vil berette om hva Kari og Ola nordmann har lært av diskusjonene mellom fagfolk og andre som mener seg berettiget til å mene noe i denne sak.

La det være klart; lavkarbo er ikke et entydig begrep. Derfor spør jeg alltid mine pasienter som spiser lavkarbo om hva det innebærer for dem. Det første de nevner er at de har sluttet med grovt brød og poteter. Da blir jeg trist. Mange har sluttet med gulrøtter. De har lært at alt som vokser under jorda er farlig.

Dersom vi spør folk "på gata" om de innerst ikke tror gulrotter, kålrot, poteter, frukt og havregryn er bra for helsa, hva svarer de da? Jeg tror og håper de svarer ja. Folk er ikke dumme, men noen har forleddet dem gjennom en håpløs debatt.

Spør vi de samme om de med hånda på hjertet tror det ville være bra å redusere bruken av sukker og hvitt hvetemel tror jeg de ville svart rett. Men hva hvis vi spør om de tror det er



Vi har det gøy og får trening med på kjøpet!

Foto: Marianne Grundetjern

mulig å gå ned i vekt ved å kutte ut alle karbohydratene, og for eksempel spise bacon og egg? Der har vi tallrike eksempler på at folk går ned i vekt.

Til og med hvis det spises bare godteri kan vi oppnå vekttap. En amerikansk ernæringsprofessor utsatte seg selv for en "junkdiett" i ti uker og oppnådde flotte resultater: BMI falt fra 29 til 25, det dårlige kolesterolaget falt 20 prosent, det gode kolesterolaget steg 20 prosent og triglyseridnivået falt 39 prosent. Dette var mulig fordi han inntok bare 1800 kilokalorier per dag, betydelig mindre enn det han brukte.

Dette eksempelet og tallrike andre viser at uansett hvor "dum" diett en setter sammen så får en fine svar dersom en er i kaloriunderskudd. Og motsatt. Selv om en spiser sunn og anbefalt kost, men for mye så kan en få en del dårlige svar.

Hvis en ønsker bedre helse, økt energi og i tillegg vekttap er det ikke mange veier å gå. De nye kostanbefalingene er anbefalinger som forebygger svært mange av de sykdommene som hyppig rammer oss, slik som diabetes type 2, flere kreftformer, fedme og hjerte- og karsykdom. Inntak av grønnsaker og frukt forebygger både kreft og fedme. Selv om de vokser under jorda.

Vi lever i et fritt land og bestemmer heldigvis selv hvordan vi vil leve det. Mange lever i dag svært passivt; stille-sittende jobb, bil til og fra, mye TV/PC på fritida. Et slikt levesett krever ikke

mye karbohydrater. Vil du leve et liv som består av mye aktivitet med sykling til jobben, trappeløping, jobbing i hagen, gå turer i skogen og gå til nærbutikken så kreves det ganske mye karbohydrater.

Musklene våre er konstruert til å "spise" fett og karbohydrater. Ved økt muskelarbeid er det i all hovedsak karbohydratforbruket som går opp, dermed dette finnes i kroppen..... Uten dette mister vi "turboen" vår.

Folk er ikke dumme. Jeg oppfordrer folk til å lytte til sin egen magefølelse. De store utfordringene i norsk kosthold er for høyt inntak av sukker og for lavt inntak av frukt og grønnsaker. I forhold til fedmehølgen som er bakgrunn for hele lavkarbodiskusjonen, så er bildet sett fra luften slik: de siste 30 åra er inntaket av energi per nordmann per dag gått ned fra 2500 til 2250 kilokalorier mens vekta er gått kraftig opp. Det finnes bare en forklaring på dette fenomenet; at vi er blitt et mer inaktivt folk.

Konklusjonen må bli at "Verdens beste medisin" heter fysisk aktivitet, og vil du ha god helse må du ut av godstolen. Vil du i tillegg ned i vekt er også fysisk aktivitet et utmerket og mye sunnere alternativ til lavkarbokost, der rotgrønnsaker og det grove brødet er utekatt.

Så oppfordringen til de som allerede ikke er der og vet det; kom deg ut og nytt gleden av å være i aktivitet!

Bokdåp

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Ina V. Tangen

Kjetil Hamre si tredje bok, *Svarthvitt med nyanser i grått*, blei døypt på biblioteket 23. november, med rundt 20 vitner til stades.

Boklansering i 2006, bokslepp i 2008, og bokdåp i 2011; ein diktar har mange ord for same type hendingar. Og poeten har etterkvart opparbeida seg eit rikt repertoar, så det var ikkje vanskeleg å finna nok stoff til det som skulle skje den nest siste onsdagen i årets nest siste månad.

Som vanleg var underteikna med og laga tonefølgje til Kjetil sin sangstemme (**stort bilde**), og melodiane til dikta var våre eigene.

Dåpen var delt inn i tre. Først fekk dei frammøtte høyrja songar frå den første boka, *Med små bokstavar og korte skritt*. Så gjekk me over til bildedikta, og framførte fleire frå bok nr. 2, *I ord i bilder*.

Tredje delen handla sjølvsagt om dåpsbarnet, og presentasjonen til forfattaren blei innleia med at han song to ferske melodiar frå boka. Det var dei to dikta *Ensom svane* og *Besøk i båtstøet*, der sistnemnde blei ferdig berre ei lita veke før dåpsdagen.

Kona til Kjetil, Ina V. Tangen, sørga for at publikum kunne følga med på alle tekstar og bilder undervegs.

Diktaren slutta av med å deklamera fleire dikt frå boka, samt å fortella litt om arbeidet med *Svarthvitt med nyanser i grått*.

Etterpå var det koseleg samvær, kaffi og litt å bita i, og sal av signerte bøker (**lite bil-**



de).

Har du ikkje skaffa deg boka, kan du få tak i ho i Servicetorget, Boknatur, Aksdal Bok & Papir og Ark, Amanda i Haugesund. Og sjølvsagt hjå skribenten sjølv - viss du vil ha signering og helsing i boka, ta då kontakt med han på tlf. 46 8000 96.

Lyrikaren vil også takka kona og bibliotek

sjef, Linda Ognøy, for god hjelp og støtte til arrangementet.

Julevandring i Bokn kyrkje

Tekst: Greta Skorpe Elverhaug

Foto: Sigrunn Hole Hosaas

Keisar Augustus, alias Leiv Våga, kjem inn til kornettfanfare av pasje, ein av tenarane til keisaren, Gina Johannessen. Han bankar i golvet med septeret sitt. Ungane sit musestille på fanget til mor eller far inne i sakristiet. Han fortel at han vil skrive dei inn manntalet sitt. Ungane stiller på ei fin rekke og fortel kva dei heiter.

Etterkvart får ungane møte engelen Gabriel og vere med i englekoret. Ein gjetar ute på "Betlehemsmarka" treng nokre fleire til å hjelpe seg til å passe på sauene. Nokre av femåringane som er med i Bokn kyrkje denne laurdagen i desember, får tørkle på hovudet, stav i hånd og gjetarkappe på seg. Ein av dei tre vise menn, Ingunn Grønnestad, har på ei fin, rød kappe. Dei tre vise menn har med gull og velluktande gåver til Jesusbarnet.

Konfirmantane Ellen Grønnestad og Torgils Hognaland er i rollene som Josef og Maria. Dei sit klar i alterringen og passer på Jesusbarnet som ligg i krubba.

Vandringa i kyrkja på Bokn og er eit tilbod til alle femåringane i regi av "Kyrkjjenær", trusopplæringsarbeidet.

Etter at julevandringa var over, fann Solveig Våga fram glanspapir og klistermerker. Ungane fekk lage kvar si korg for å ha med heim til å henge på juletreet.



Store og små kunne vandre heim med glede i hjarte etter å ha fått vere med på ei fin vandring gjennom juleevangeliet. Ute var

det vind og regn denne første laurdagen i desember.

TT-kort

Tore Bøe Olsen

I høve etablering av Bokn Taxi, vil kommunen informera om TT-ordninga.

TT-ordninga er ei ordning kor du kan søkja om å få dekka utgifter til transport (drosje), dersom du har vesentlege forflytningsvanskar av varig art. TT-ordninga blir administrert av Fylkeskommunen, og søknad om TT-kort skal sendast til Rogaland Fylkeskommune. Kommunen kan imidlertid vera behjelpelege med å skaffa søknadsskjema.



Annonser

KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil	frå 2500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinnpleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg	500 kr.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com

Har du avgalde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



STORT FRAMSIDEBILDE:

Lucia-opptrinn av 4. klasse - sjå s. 7

Foto: Robbie Williams



Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeistertenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65



COOP MARKED BOKN



Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Julafuten til kl. 13

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

SpareBank 1 SR-Bank ønsker deg en riktig god jul!



Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964
Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

Kontaktpersoner:

John Magne Lie 909 24 964
Kjell Frode Lie 907 83 797




HÅRSMIA

Før julstid på Hårsmia, nye varer med godt utvalg av gele/wax, fine julegavetips

- HÅRFARGING/HELFARGING NÅ FRA KR. 500,-
- STRIPER/FOLIE FRA KR. 400,-
- FORMING/FARGE AV VIPPER OG BRYN KR. 280,-
- PERMANENT FRA KR. 600,-
Massasje følger med all behandling om en ønsker
Kommer gjerne hjem til dere og klipper
Ønsker alle en riktig god jul og godt nytt år.

52748647/46442920

Med vennlig hilsen Mona på Hårsmia



FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN

Mine åpningstider er tirsdag-fredag

Oddetalsuker: kl. 09-16

Partallsuker: fleksible åpningstider



Hilsen fra Anita

99 32 55 34 - 52 74 85 34

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblinkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruende tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98
Mariann Skjelde - aktivitør



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 08.30 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direkte nummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75

Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- uteleje av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no



Bokn bibliotek

Opningstider:

Mån.	16 - 19	Ons.	16 - 19
Tys.	10 - 13.30	Tors.	10.- 13.30

Prøv ein annonse i
Bokn Bygdablad

Boknarane og slaget i Hafsfjord

Ei juleforteljing om gullspenna på Nerabø

Birger Lindanger


Dunete vottar eller drepne jær-buar?

Tett før jul i 872 hadde Harald Luva – eller Harald Hårfagre som han blei kalla nokre hundreår seinare – tilhald på Avaldsnes. Det var varmt og behageleg i kongsstova med god eld i åren. Han fekk dette tilnamnet fordi han tretten år tidlegare kom til vera med morkaka på hovudet. Sengekonene tok dette som eit godt teikn, han var født med ei sigersluve som det blei kalla. Den som blei født med sigersluva på hovudet ville sidan ha

landet, til saman 50 – 60 mann. I smalaste Boknasundet møtte dei skipet frå Vestre Bokn og la seg til å bia på flåten til Harald. Ogn høyrdes elles til kongsgarden på Avaldsnes. Det var ei strategisk øy som kunne sikra den indre leia mot Skjoldafjorden og over Haraldseid.

Slag og juleblot

I Hafsfjord møttest dei to hærane, nordmennene til Harald og jærbuar og austmenn – egder under leiing av hovdingane Haklang og Kjotve.



Boknarane bur seg til strid.

hell med seg i alt han gjorde heitte det. Sidan fekk Harald tilnamnet "Luva".

Bare nokre veker tidlegare var han blitt teken til konge på tinga over området frå Boknafjorden til og med Sogn og Fjordane etter at faren, Halvdan, drukna. Men sidan han mest bare var barnet, var det rådgjevarane hans som rådde. Og dei såg sitt snitt til endeleg å få has på utfordrarane i sør, jærbuar og egder.

Slik seier skalden Torbjørn Horn-klove:

Kongen etlar seg
til ute jol å drikka,
hovdingen den hæve
hastar til slag.

Den unge vart lei av eldstad
og innesete,,
av den varme stova
og vottar dunete.

I staden for å sitja inne varmt og godt laut altså gutungen ut i kjøl og rått vêr for å risikera livet mot jærbuane i Hafsfjord. Så var det å samla folk frå Stad i nord til Bokn i sør. Bodstikka nådde også Austre Bokn og hovdingen der, kaksen på Nerabø. Han fekk skipet sitt or naustet i Kallabergvika og samla mannskap, dels frå Austre Bokn, frå Ogn og frå det nærmeste tysvær-



Sidan heldt dei juleblot.

Nordmenn i denne samanhengen vil seia folk som budde nord for Utstein. Slaget blei hardt og det fall også mange boknarar.

*Dei freista den framdjerve,
han som flukt dei lærde,
som vart herre over austmenn,
som bur på Utstein.*

*Ut med skipa han lagde,
då strid han venta,
hogg mot skjoldar hamra,
før Haklang stupte.*

*Bak lét dei blenkja
blanke skjold,
steinar regna
over redde fiendar.
Kaksane vart fælne,
flaug over Jæren
heim or Hafsfjord,
huga på mjøddrykk.
(Mjød høyrd til julefeiringa, må vita.)*

Mange boknarar fall, men dei vann og Harald blei konge over landet frå Stad til Ryggjabit ved Arendal. Sidan samlast sigerherrane til juleblot på Utstein. Med var også boknarar, mellom anna nerabøkaksen. Under det store blotet i kongshallen på Utstein delte Harald ut gilde gåver til dei som hadde kjempa for han. Mellom anna fekk mange ta over hovdingardar etter dei falne motstandarane, til dømes Sola, Sørbø og Obrestad.

Den gilde gåva
Også boknarar blei kalla fram for

høgsætet der Harald sat med rådgjevarane ved sida si. Til sist blei også nerabømannen kalla fram for den skjegglause halvstyvingen.

- Rådgjevarane mine fortel at du kjempa godt og har vore lojal mot meg, mælte Harald med ei røyst som braut i stemmeskiftet.

- Som pant på venskapen vår, gjer eg deg nå denne gåva. Ho er laga av min eigen smed.

Det gjekk eit gisp nedover benkane då unge kong Harald heldt opp gåva, ei



Nerabømannen kjem heim til kona med gullspenna.

svær gullspenne, dryge tri tommar i tverrmål og 6 ½ lodd (91,2 gram) tung. Rundt spenna var det tvinna to sylvtrådar. Sjølv spenna var av gullblekk medan underplata var av bronse. Midt på spenna skein ei stor, raud glasperle medan fire blå perler glitra langs kanten av spenna. Og over heile spenna var det lagt inn tett med raud og blå perler.

Ho var laga i borrestil, den vanlege norske stilarten i vikingtida. Motivet var ordna i to store og ein liten kross. Elles var motiva fire hovud med glasperleauge og fire dyrekroppar med ryggen opp. Rundt ytterkanten av spenna batt eit kringlemønster hovuda saman.



Då sonen var ganske liten, let ætta han trulova med jenta frå Sørbø.

Husfrue og prestinne

Boknarane fekk også andre, gilde gåver. Kanskje fekk også nokre av dei ta over gardar etter falne motstandarar. Men gullspenna var likevel det gjævaste. Så blei gudane helsa med "fred ok fridar", det blei drukke mjød i store mengder og spela tavl, eit brikkespel, om austrøne kvinner. Etter at julegildet var over, stemnde boknarane saman med kongen nordover gjennom Boknasundet. Kongen drog heim til Avaldsnes medan nerabømannen stoppa på Austre Bokn der skipet blei drege inn i naustet for å gjerast klart til sildefisket på ettervinteren.

Vel heime gjorde han saman med kona eit stort heimkomstgjestebod julegilde for skyldfolk og vener. Husfrua sjølv var prestinne ved hovet og ofra til gudane for eit fruktbart år. Sidan haugla dei krigarane som ikkje kom levande heim og reiste attå bautastein over dei mest høgætta.

Morgongåva

Den eldste sonen deira runda i 890-20 år. Alt då han var liten, sytte ættene på begge sider for at det blei halde festarøl for han og dotter til stormannsætta på Sørbø på Rennesøy. Her galdt det å byggja gode alliansar. Dei neste femten åra såg dei trulova lite til kvarandre. Då mor hans døydde, bestemte nerabøkaksen at gullsmykket skulle bli morgongåve for svigerdotter hans.


Slik blei det også. Som svigermora bar ho til alle tider spenna i sjaalet sitt. Eit uhell hadde ho likevel, det vakre baksstykket fall ut og forsvann. Men med heim frå strandhogg i Irland hadde mannen røva eit nydeleg, gammalt hengekar for viekvatn. Nå slo smeden deira botnen or karet og brukte ein del av det som nytt bakstykke for spenna.

Odin eller Kvitekrist

Åra gjorde ungkona gammal og la henne til sist, i 940, på likstrå. Kristen-dommen kjende dei godt til og blei rekna som ei kraft. Difor var det ideelt å senda med henne gullspenna over i den neste vera. I smykket var det både tri krossar og motiv frå den heidne religionen, her var noko anten Odin eller Kristus rådde i den neste verda. Så la dei henne med dei gildaste kleda, med husnøklane, reiskap og ikkje minst den flotte gullspenna inn i den eldgamle, svære gravrøysa nede ved sundet, eit monument over makta på Nerabø. Her hadde fleire av dei gildaste folka på Nerabø fått si grav, nå også ho. Så blei ho ført ut av tida og inn i haugen der dei gamle på garda venta henne.

Gullspenna i andedammen

Tusen år seinare bygde dei ny veg på Austre Bokn ovanfor røysa. Til å fylla ut eit bekkeskar var det praktisk å



Som vanleg laut dei venta litt på boknarane før dei kunne starta slaget.

henta masse frå den store haugen. Og i fyllinga enda ferda til husfrua på Nerabø. Så gjekk det ein mannsalder og det blei bygd ny veg noko lenger nede ved sjøen. Lærar Trahaug tetta drenerringa slik at det ovanom fyllinga danna seg ein andedam. Men bekken let seg ikkje stoppa, og grov seg gradvis over kanten på fyllinga.

Så ein dag i 1923 oppdaga ein liten gut, Heine, noko som blinka i grusen. Han plukka det opp og sprang ned til faren, lærar Guttorm Trahaug. Han forsto straks at dette var noko særskilt, pakka spenna inn i Haugesunds Avis og drog til Stavanger Museum. Direktøren der, Jan Petersen, sa sidan at det synet som møtte han då han pakka opp avisar var eit av deis største høgdepunkta i heile karrieren hans som arkeolog. Så spesiell var spenna at museet brukte eit motiv frå henne som logo og ein kopi blei lagt inn i ordførarkjeda i Bokn.

Slik enda ei 1139 år gammal jule-gåve i vår tid.



Boknspenna

Gullspenna som truleg stammar frå den store bronsealderhaugen på Austre Bokn, blir rekna som eit av dei flottaste funna som er gjort i Rogaland. Ho er 7,6 cm i tverrmål og veg 91,2 gram. Ho er truleg laga først på 900-talet e.Kr. i Noreg. Ho er dekorert i den såkalla Borrestilen.

Om lag slik kan me tenkja oss historia til den kjende boknaspenna. Det som har skjedd med spenna dei siste 89 åra veit me, det som skjedde i vikingtida er dikting. Men diktinga er tufta på ein del fakta som gjer det mogeleg at delar av forteljinga likevel kan vera sann. Det er også lagt inn nokre strofer frå Haraldskvadet som blei laga i samtidia. Dette er nokre av dei fakta som ligg til grunn for denne soga:

1. Gullspenna er frå dei tider Haralds slåst i Hafrsfjord.
2. Gullspenna vitnar om at det budde storfolk på Austre Bokn.
3. Boknarane – og folka ved Karmsundet – var etter alt å døma på Harald si side i slaget i Hafrsfjord..
4. Både på Vestre Bokn og Austre Bokn er det funne skipsnausttufter om lag frå denne tida.
5. Harald måtte segla framom Bokn for å koma til Hafrsfjord.
6. Det var vanleg at kongar og hovdingar gav gåver for å knyta til seg utvalde folk.
7. Sidan boknarane ganske sikkert tok del i slaget, fekk dei også gåver.
8. Harald heldt slaget sitt straks før jul og var då bare gutungen.
9. Kong Harald budde på Utstein straks etter slaget. Det vil seia at han må ha halde juleblot der og delt ut gåver til støttespelarane sine.
10. Gullspenna kjem frå ei grav i den store gravhaugen ved sundet på Nerabø.

Juleverksted

Tekst: Anette Våga - foto: Erik Våga

Noe av sjarmen ved julen er å glede seg og forberede den store dagen, og 1. desember var hele 1. klasse med foreldre invitert til førjulskos på skolekjøkkenet. Etter å ha fått servert pølser og julebrus, fikk fantasi og kreativiteten fritt utløp når det gjaldt julekortlagning og pepperkakebaking. Det var også anledning til å lage adventsappelsin med nellikspiker i og forskjellige drops.

Med julemusikk i bakgrunnen, rikelig med pepperkake-deig og masse glitter såg det ut som om alle koste seg og fikk laget noe som de kunne ta med seg hjem!

Oppskrift på sørte og gode bringebærdrops:

½ dl vann
2 ½ dl sukker
1 dl druesukker

Dette varmes opp i en gryte til 162 grader før massen helles over på en smurt teflonmatte. Deretter tilsettes 2ts sitronsyre, 30 dråper rødbetefarge og 1 ml hindbæraroma (kjøpes på trendhuset bl.a).

Når alt er blandet godt sammen, lager en pølser og klipper til drops.

Massen er veldig varm og jobbe med så det er lurt å ha en voksen med og hansker med plastikkhansker utenpå for små barnehender.

Lykke til!



KRO GÅRD – KROVÅGEN HESTESENTER

Austre Bokn – tlf. 91120801/95114786 - kachris@online.no



Takk til ryttere, brukere og kunder som har bidratt til et spennende og aktivt år her i Kro.

Vi ønsker alle en glad jul og et fredelig og godt nyttår !

Vil du vite mer om aktiviteter og tilbud på Kro gård og Krovågen hestesenter, sjekk våre nettsider www.kro-hest.no eller ta telefonisk kontakt.

Julehilsen fra Kari og Olav

